



Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Nissedal kommune.

Forskrift om vass- og avlaupsgebyr, Nissedal kommune, Telemark

Heimel: Fastsett av Nissedal kommunestyre 14.04.2011 med heimel i lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensning av forureining (forurensningsforskrifta) del 4A kap. 16.

Forskrift om vass- og avlaupsgebyr, Nissedal kommune, Telemark

Kapittel 1. Generelle bestemmingar

§ 1. Forskrifta sitt føremål

§ 2. Forskrifta sitt verkeområde

§ 3. Definisjonar

Kapittel 2. Vass- og avlaupsgebyr

§ 4. Gebyrtypar

§ 5. Eingongsgebyr for tilknytning:

§ 6. Årleg gebyr:

§ 7. Abonnementsgebyr:

§ 8. Forbruksgebyr:

§ 9. Vassmålar

§ 10. Avvik i årleg gebyr

§ 11. Midlertidig tilknytning

§ 12. Pålegg om utbetring

§ 13. Innbetaling av gebyret

Kapitel 3. Avsluttande bestemmingar

§ 14. Innkrevjing av gebyr

§ 15. Vedtaksmyndigheit

§ 16. Klage

§ 17. Ikraftsetjing

Kapittel 1. Generelle bestemmingar

Kommunens abonnentar betaler for vass- og avlaupstenester levera av kommunen. Tilhøve mellom abonnenten og kommunen vert regulera av lover og forskrifter samt av lokale reglementer, bestemmingar og regulativ. De viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter.
2. Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forurensningsforskriften) del 4A, kap. 16, om kommunale vass- og avlaupsgebyr.
3. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Nissedal kommune (detta dokumentet).
4. Andre dokument:
 - a. Gebyrregulativ; vass- og avlaup.
 - b. Standard abonnementsvilkår for vass og avlaup (Tekniske og Administrative).

§ 1. Forskrifta sitt føremål

Forskrifta gjev bestemmingar om berekning og innbetaling av dei gebyra abonnenten skal betale for dei vass- og avlaupstenester kommunen leverer.

§ 2. Forskrifta sitt verkeområde

Forskrifta gjeld alle kommunens abonnentar, sjå definisjonar i § 3.

§ 3. Definisjonar:

Abonment:

Eigar/festar av eigedom som er registrera i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vass- og eller avlaupsleidning, direkte eller gjennom felles stikkledning.

Det same gjeld festar av eigedom der festeavtala ikkje er registrera i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig dei på tomte plassera bygningar, og utøvar festerett slik som gjeng fram av lov om tomtefeste. For festeavtalar med kort festetid (feste til anna en bustad og fritidsbustad), kan det være avtala at anna en festar skal være abonnent.

Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av plan- og bygningsloven § 65, § 66 og § 92 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avlaupsleidning.

Abonnementsgebyr:

Årsgebyrets faste del, som skal dekke en del av kommunens faste kostnader for vass- og/eller avlaupstenester.

Bruksareal

Bruksarealet (BRA) for en bygning er registrert i Matrikkelen, og bereknast med utgangspunkt i NS 3940. Bruksareal er alt areal av brukseiningar og felles deler som ligger innanfor omsluttende vegger. (BRA) etter NS 3940 (forenkla). For detaljer sjå NS 3940.

Bruksendring:

Med endring i eigedommens bruk meinast her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentlig verksemd.

Eingongsgebyr for tilknytning:

Eingongsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avlaupstenester.

Felles privat stikkledning:

Privat ledning eid i fellesskap av abonnentar som er tilknytte det kommunale leidningsnettet via den felles private stikkledningen.

Forbruksgebyr:

Årsgebyrets variable del som betalast etter forbruk (målt eller stipulert).

Bustad:

Bygning som er registrera som permanent bustad i Matrikkelen (bygningstype 111-159)

Fritidsbustad:

Bygning som er registrert som fritidsbustad i Matrikkelen (bygningstype 161-163)

Anneks:

Anneks er frittliggende bygg berekna for overnatting og er ingen sjølvstendig bueining for varig opphald (bygningstype 181-183).

Bueining:

Bustad eller fritidsbustad med et eller fleire rom og med separat inngang, samt eige bad/WC og kjøkkendel. Ein bygning kan innehalde fleire bueiningar.

Gebyrregulativ:

Kommunens gjeldande prisoversikt for vass- og avlaupsgebyr. Satsane i gebyrregulativet oppdaterast årleg gjennom vedtak i kommunestyret.

Næringsverksemd:

Ervervsmessig verksemd, eigedommar som ikkje hovudsakeleg vert nytta til bustadføremål.

Offentlig verksemd:

Verksemd driven av stat, fylkeskommune eller kommune.

Stipulert forbruk:

Forventa forbruk hos en abonnent fastsett på basis av gjennomsnittsförbruk eller bebyggelsens areal.

Årsgebyr:

Det samla gebyret som betalast årleg av abonnentar for kommunens vass- og avlaupstenester. Årsgebyret inneheld abonnementsgebyr og forbruksgebyr.

Kapittel 2. Vass- og avlaupsgebyr

§ 4. Gebyrtyper

- 4.1 Følgjande gebyrtyper gjeld for høvesvis vass- og avlaupstenester:
- Eingongsgebyr for tilknytning
 - Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
 - Gebyr for midlertidig tilknytning.
- 4.2 Vass- og avlaupsgebyra differensierast etter følgjande brukarkategoriar:
- Fritidsbustader
 - Heilårsbustader
 - Næringsverksemd og offentleg verksemd .

§ 5. Eingongsgebyr for tilknytning:

- 5.1 Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter krev at det betalast eingongsgebyr for tilknytning til vass- og/eller avlaupstenester.
- 5.2 Eingongsgebyr betalast per bygning som vert tilknytt kommunalt vatn og/eller avlaup. Ein bygning kan ha inntil 2 bueiningar. Ved meir enn 2 bueiningar i same bygning, vert abonnementsavgifta rekna til 50% av gjeldande sats for kvar bueining.
- I kombinera bygg skal det betalast per bueining og per næringseining.
- Eingongsgebyr fakturerast frå og med godkjent løyve eller når bustaden er kravd tilknytt.
- 5.3 Tilknytingsgebyr vert fastsett i høve til type tilkopling. Satsane for tilkopling vert regulera i gebyrregulativet.

For fritidsbustader gjeld følgjande:

Der det ligg føre utbyggingsavtale eller anleggsbidragsavtale der utbygger gjev bidrag til etablering/forlenging av hovudanlegg/fellesanlegg, kan det avtalast låg sats for eingongsgebyr.

Låg sats vil også nyttast dersom eksisterande bygningar med godkjent privat løysing, vert tilknytt offentleg vass- og/eller avlaupsanlegg.

For eksisterande bustader eller tomter som oppgraderast frå låg til høg sanitær standard, gjeld det at desse skal dokumentere rett til å nytte fordelingsnett, omfatta av anleggsbidragsavtale eller utbyggingsavtale.

For alle andre tilknytningar til offentleg vass- og avlaupsnett, skal høg sats for tilknytning nyttast.

- 5.4 Storleiken på gebyra fastsettast årleg av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet.
- 5.5 Kommunen kan fastsette avvikande eingongsgebyr for tilknytning når tilknytninga krev ekstra høge eller låge kostnader, eller når vassforbruk og/eller kloakkmengd er særleg liten eller særleg stor.

- 5.6 Eingongsgebyr for tilknytning skal betalst før tilknytning kan skje. Eingongsgebyr vert kravd inn etter godkjent byggeløyve, eller når eksisterande bygning koplust til vass- og/eller avlaupsnett.

§ 6. Årsgebyr:

- 6.1 Årsgebyr for høvesvis vass- og avlaupstenester betalast av alle abonnentar og består av to delar: Abonnementsgebyr og Forbruksgebyr.
- 6.2 Samla abonnementsgebyr for kommunale vass- og avlaupstenester skal dekke kommunens forventade faste kostnader knytt til høvesvis vass- og avlaupstenester. Resten dekkast inn gjennom forbruksgebyret.
- 6.3 Størrelsen av abonnementsgebyr og forbruksgebyr fastsettast årleg av kommunestyret og kjem fram av Gebyrregulativet.
- 6.4 Årsgebyr for fritidsbustad tilknytt felles vasspost settast til $\frac{1}{4}$ av abonnementsgebyr og berekna forbruksgebyr.

§ 7. Abonnementsgebyr:

- 7.1 Abonnementsgebyret differensierast etter brukarkategori. Alle abonnentar i en brukarkategori betaler et like stort fast beløp som kjem fram av Gebyrregulativet.
- 7.2 Abonnementsgebyr betalast per bygning eller per seksjon i seksjonert bygning, tilknytt kommunalt vatn og/eller avlaup. Ein bygning kan ha inntil 2 bueiningar. Ved meir enn 2 bueiningar i same bygning, vert abonnementsavgifta rekna til 50% av gjeldande sats for kvar bueining.

I kombinerade bygg: betalast per bueining og per næringseining.

Abonnementsgebyr fakturerast frå og med godkjent løyve eller når bustaden er kravd tilknytt.

§ 8. Forbruksgebyr:

- 8.1 Næringseigedommar betaler forbruksgebyr basert på faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m^3 , forbruket skal målast med installera vassmålar.

Øvrige abonnentar betaler etter faktisk (målt) vassforbruk, eventuelt etter stipulera forbruk basera på berekning av bruksareal i henhold til NS 3940, samt pris pr. m^3 . Eller berekna etter gjennomsnittsforkbruk i aktuell brukarkategori. Omrekningsfaktor og gjennomsnittleg berekna forbruk er definera i Gebyrregulativet.

Abonnent som har installera vassmålar, kan ikkje seinare krevje abonnementet endra til betalig etter stipulera forbruk.

- 8.2 For alle abonnentar gjeld det at avlaupsmengd regnast lik vassmengd, sjå og § 10.
- 8.3 Om forskrifta ikkje krev installering av vassmålar kan både kommunen og abonnenten krevje at forbruksgebyret fastsettast ut frå målt forbruk.
- 8.4 Forbruksgebyr betalast frå og med 12 månader etter godkjent løyve.

§ 9. Vassmålar

- 9.1 Det skal leggest til rette for installasjon av vassmålar i alle nye bygningar. Det skal installera vassmålar i alle bygg nytta til fritidsbustad og eller næringsføremål.

Vassmålar plasserast frostfritt på lett tilgjengeleg stad for avlesing. Den skal monterast framføre fyrste avstikk og ved innvendig hovudkran. Vassmålar monterast i konsoll med stengeventil i same dimensjon føre og etter målararen.

Godkjent rørleggar skal installere målar i samsvar med dei til kvar tid gjeldande regler. Etter montasje skal vassmålar plomberast av kommunen eller av rørleggaren. Tilbakemelding om installera vassmålar, og/eller utskifting av vassmålar, sendast kommunen på eige skjema.

Vassmålarar for måling av vassforbruk i Nissedal kommune skal ha dokumentera målenøyaktigheit ihht ISO 4064-1.

Avlesing av vassmålar vert gjort ein gong kvart år. Abonnten les av og melder dette skriftleg innan fastsett frist. Dersom vassmålar ikkje vert lest av innan fristen, eller dersom data ikkje vert innmeldt til kommunen, vert årsforbruk stipulera.

Kommunen skal ha fri veg til vassmålar for inspeksjon og kontroll av teljarstand ved behov. Vassmålar må vera plassera slik at den er lett tilgjengeleg både for avlesing og revisjon/utskifting.

Kommunen kan til ein kvar tid kontrollere vassmålarar som er i bruk. Viser kontrollen en feil ved målararen, vil det bli gjort pålegg om utskifting av målararen. Er ein plombering brote, vert vassforbruket for terminen sett til stipulert forbruk gonger 4.

For andre reglar om installasjon, bruk og leige av vassmålar: sjå *"Standard abonnementsreglement for vann og avløp"*

9.2 Kostnader for innkjøp, installasjon, drift, avlesing m.m. dekkast av abonnenten.

§ 10. Avvik i årsgebyret

- 10.1 Dersom avlaupsmengda frå næringsverksemd, offentlig verksemd eller idrettsforeiningar med eigne baneanlegg er vesentlig større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avlaup baserast på målt eller stipulera/berekna avlaupsmengd.
- 10.2 For næringsverksemd og offentlig verksemd, kor avlaupsvatnets samansetning avviker frå vanlig hushaldsavlaup og verker hhv. fordyrande/innsparende på drift og vedlikehald av kommunens avløpsanlegg, kan det berekast eit påslag/frådrag til forbruksgebyret for avløp basera på dei forventa ekstrautgiftene/innsparingane.
- 10.3 Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avlaup, gjer ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.
- 10.4 Det skal inngåas eigen avtale med abonnentar som omhandlast av 10.1 og 10.2.
- 10.5 Jordbrukseigedommar der driftsbygningar er tilknytt kommunal vassforsyning må installere eigen vassmålar for driftsbygning. Gebyr for vatn til driftsbygning følgjer satsar for næringsverksemd..
- 10.6 Abonntenar med privat drikkevatt som er tilknytt offentleg avlaup, betaler kommunale gebyr for avlaupsvatnet etter målt vassmengd ved vassmålar, eller stipulera avlaupsmengd etter same sats som berekna vassmengd.
- 10.7 Abonntenar med privat avlaupsløysing og offentleg tilknytt drikkevatt betaler berre kommunale vassavgifter. NB! Abonntenar med privat avlaupsløysing vil få gebyr berekna under andre kommunale gebyrforskrifter (tømming av septiktankar / slamavskiljarar).

§ 11. Midlertidig tilknytning

- 11.1 Med midlertidig tilknytning meinast bygg/anlegg som har innlagt vatn og/eller avlaup, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og/eller berre skal brukast ein avgrensa periode. Som eksempel på slikt anlegg er anleggsbrakker.
- 11.2 Eigar/festar av eigedommen eller eigar av bygg som skal knytast til midlertidig, skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med avregning i forhold til den tid tilknytninga er operativ. Størrelsen av gebyr for næringsverksemd kjem fram av Gebyrregulativet.
- 11.3 Det betalast ikkje eingongsgebyr for tilknytning, men alle kostnader ved tilknytning og fråkopling belastast av eigar/festar av eigedommen.
- 11.4 Midlertidig tilknytning gjelder opp til eit år, med muligheit for å søke om utviding.

§ 12. Pålegg om utbetring

- 12.1 Kommunen kan gje abonnenten eit pålegg om å utbetre egne avlaupsanlegg innan angjeven frist, jf. forureiningslova § 7. Iht. forureiningslova § 73 kan det gjevast eit forureiningsgebyr om forholdet ikkje er utbetra når fristen er utgått. Dersom den ansvarlige ikkje etterkjem pålegget kan kommunen sørge for iverksetting av tiltaka, jf. forureiningslova § 74.
- 12.2 Kommunen kan be abonnenten å utbetre egne drikkevassanlegg innan angjeven frist som grunnlag for å kunne fastsette vassforbruket. Dersom forholdet ikkje er utbetra når fristen er utgått, stipulerast årsforbruket.

§ 13. Innbetaling av gebyret

- 13.1 Abonnenten står ansvarlig for betaling av gebyra. Ved forsinka innbetaling leggst det til morarenter etter morarenteloven.
- 13.2 Eingongsgebyr for tilknytning forfell til betaling seinast ved tilknytning.
- 13.3 Abonnementsgebyr og forbruksgebyr krevjast inn på felles faktura og fordelast over 2 terminar pr. år.
- 13.4 Gebyr for midlertidig tilknytning fakturerast særskilt.
- 13.5 Avlesing av målt vassforbruk gjerast en gang pr. år.
Forbruksgebyret betalast a konto fordelt over 2 terminar basert på fjorårets forbruk. Avregning skjer fortrinnsvis på 1. termin (faktura) året etter.
- 13.6 Dersom abonnentens vassforbruk har endra seg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre a konto beløpet.
- 13.7 Etter søknad kan kommunen gi fritak for årsgebyr når gebyrpliktig eigeendom fysisk koplast frå kommunalt leidningsnett. Ved innvilga søknad om fritak opphøyrer abonnementet når melding om at anboringspunktet er plombera er motteke. Også dersom abonnenten har vassmålar eller installerar vassmålar i forbindelse med søknad om fritak, kan det gjevast fritak for årsgebyret. Forutsettinga er at målar avlesast og plomberast av godkjend røyrleggar på det tidspunkt som eigedommen vert fråflytta. Ny tilknytning av eigedommen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Kostnader ved fråkopling og ny tilknytning samt ved installering av vassmålar dekkast fullt ut av abonnenten. Arbeidet skal utførast etter kommunens anvisning.

Kapitel 3. Avsluttande bestemmelsar

§ 14. Innkrevjing av gebyr

- 14.1 Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedommen etter lov om pant § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane for innkrevjing av skatt.

§ 15. Vedtaksmyndet

- 15.1 Vedtak etter denne forskrift fattast av rådmannen eller den han gjev mynde.

§ 16. Klage

- 16.1 Avgjersler etter forskrifta som er enkeltvedtak, følgjer forvaltningslovas kap. IV-VI og kan påklagast. Klagen sendast til den instans som har fatta vedtaket. Klaga skal behandlast i kommunens klageutval. Vedtak i klageutvalet er endeleg og kan ikkje påklagast.
- 16.2 Vedtak om gebyra sin storleik er forskrift og vedtakast av kommunestyret, jf. forvaltningslovens kap. VII.

§ 17. Ikraftsetjing.

- 17.1 Forskrifta trer i kraft 1. mai 2011.